



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8392 - 20/25344

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2020

Svar på søknad om avkjørsle KV 1041 GBNR 123/103 Rise

Tiltak: Etablering av avkjørsle for einebustad
Byggjestad: Stornesvika 19, 5955 Lindås
Tiltakshavar: John Eilert Solheim
Ansvarleg sækjar: Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på gbnr 123/103.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for einebustad på gbnr 123/103. På situasjonsplan er det vist til terrengprofiler. Det er ikkje lagt ved profil som viser stigningsforhold i avkjørsle. Normalt vert det send ut mangelbrev for dette. I dette tilfellet er høgdeforskjell mellom planert tomt og kommunal veg er ca 0,7 meter ei avstand på rundt 7 meter inn i avkjørsla. Høgdeforskjella er minimal og vi ser at avkjørsle kan støtte krav til geometrisk utforming (punkt 3 i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg»). Søknad vert difor handsama slik den ligg føre.

Vurdering/drøfting:

Fartsgrense i kommunal veg er regulert av ei 30-sone inn i bustadfeltet. Siktzone vert da 4 x 20 meter. Den kommunale vegen er etablert som ei ettfeltsveg med to kjøreretningar. Det betyr at siktzone mot søraust skal plasserast ca 1 meter frå kant kommunal veg mot eigedom. Siktzone er teikna inn ca 1 meter frå kant kommunal veg på motsett side. Det betyr at reell sikt langs veg ikkje stettar minstekrav til sikt.

Det er ikkje lagt ved lengdesnitt som viser stigningsforhold i avkjørsla. På vedlagt situasjonskart er det vist at avkjørsle ikkje skal ei stigning på meir enn 1:8. I følgje forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehodl av avkjørsler fra offentlig veg – punkt 3») skal avkjørsler på dei to første metrane ha eit jamt fall frå offentleg på 5 cm før vegen

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

stiger. Føremål med dette kravet er å sikre at overvatn frå avkjørsla ikkje vert ført ut i kommunal veg.



Svingradius i avkjørsla er ikkje målsett. Svingradius er i forskrift satt til å være minimum 4,0 meter.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til avkjørsla frå kommunal veg for ei bustadeining på gbnr 123/103. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsla som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsla og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På dei to første meterane skal avkjørsla ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm. Etter dette kan stigninga være 1:8, som vist i søknad.
- Siktsoner mot søraust må endrast slik at minste krav til sikt vert stetta. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar (gjeld alle typer) som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering.
- Svingradius er ikkje målsett på situasjonsplan. Svingradius i avkjørsla vert sett til $R = 4$ meter.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i frå og ut i kommunal veg.
- Det skal, under avkjørsla, leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.
- Kommunal grøft skal oppretthaldast langs heile eigedomsgrense mot kommunal veg. Grøft skal ha ei bredde på 1,0 meter og ha eit jamt fall frå kommuenvegen.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket kan være søknadpliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSE
N